

Saksbehandlar: Ingvild Andersen, Næringsavdelinga
Sak nr.: 15/8820-4

Regionale utviklingsmidlar 2015 fordeling 4

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutvalet for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane vert støtta med 200 000 kroner til forprosjektet «Grønt skifte-grøn vekst basert på avfall som ressurs» i 2016.
2. Vestnorsk Filmkommisjon vert støtta med 300 000 kroner i driftsstøtte i 2016.
3. Næringsavdelinga vert støtta med 500 000 kroner til dekning av breibandprosjektet i 2016.
4. Næringsavdelinga vert støtta med 600 000 kroner til ei stilling som sikrar Noregs Forskingsråd sin representasjon i fylket for ein treårsperiode frå 2016-2018.
5. Adalia AS får avslag på søknad om tilskot til å lage TV-serie om gründerar i Sogn og Fjordane.
6. Bygge- og eigedomstenesta vert støtta med 150 000 kroner i anleggsbidrag ved utbygging av varmeanlegg ved Mo jordbrukskule.
7. IT-forum Sogn og Fjordane vert støtta med 500 000 kroner i driftsstøtte for 2015.
8. Fylkeskommunane sitt akvakultursamarbeid vert støtta med 120 000 kroner fordelt med 60 000 kroner for 2016 og 60 000 kroner for 2017 til ei prosjektstilling innafør akvakulturforvaltning.
9. Tilskota vert finansiert slik:
 1. Tilskotet til Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane, Vestnorsk Filmkommisjon, bygge- og eigedomstenesta og fylkeskommunane sitt akvakultursamarbeid vert dekkja med disponible driftsmidlar frå budsjett 2015.
 2. Midlane til breibandprosjektet vert dekkja med disponible regionale utviklingsmidlar frå budsjett 2015, opphavleg avsett til nyskaping.
 3. Finansiering av stillinga til Noregs Forskingsråd vert henta frå budsjetterte midlar til satsinga kunnskap for 2015, tenesteområde 7018 kunnskap.
 4. Tilskotet til IT-Forum vert dekkja med avsette midlar i budsjett for 2015, tenesteområde 7011 Kommunikasjonsteknologi.

Vedlegg:

1. Søknad om støtte til forprosjekt-Grøn vekst basert på avfall som ressurs
2. Generell presentasjon Avfall som grunnlag for lokal verdiskaping
3. Vestnorsk Filmkommisjon-søknad 2016
4. Mitt Yrke-søknad 2015
5. IT-Forum-søknad 2015
6. Prosjektbeskrivelse Koordinering av FAKS

SAKSFRAMSTILLING

INNHALD

1. SØKNAD OM STØTTE TIL FORPROSJEKT OM AVFALL SOM RESSURS FRÅ KUNNSKAPSPARKEN I SOGN OG FJORDANE	4
2. SØKNAD OM DRIFTSSTØTTE FRÅ VESTNORSK FILMKOMMISJON.....	7
3. DELFINANSIERING AV BREIBANDSPROSJEKT	10
4. AVTALE MELLOM NOREGS FORSKINGSRÅD, INNOVASJON NOREG og SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE FOR 2016-2018.....	11
5. SØKNAD FRÅ ADALIA AS OM TILSKOT TIL PRODUKSJON AV TV-PROGRAM	13
6. SØKNAD OM ANLEGGSBIDRAG TIL BIOBRENSELANLEGG PÅ MO JORDBRUKSSKULE	15
7. SØKNAD OM TILSKOT TIL IT-FORUM 2015	16
8. KOORDINERING AV KOMMUNANE SITT AKVAKULTURSAMARBEID	19

1. SØKNAD OM STØTTE TIL FORPROSJEKT OM AVFALL SOM RESSURS FRÅ KUNNSKAPSPARKEN I SOGN OG FJORDANE

(Sakshandsamar: Audun Erik Gisle Sunde)

1.1 Bakgrunn

Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane søkjer om støtte til forprosjektet «Grønt skifte - grøn vekst basert på avfall som ressurs».

1.2 Nærare omtale

Tema for forprosjektet er gjenvinning av ressursane i utvalde avfallsstraumar og overgang frå lineær til sirkulær produksjon. Forprosjektet er tenkt å vare frå 01.12.2015 til 01.05.2016.

Søkjjar definerer følgjande resultatmål.

1. Invitere til temabaserte møteplassar for å synleggjere og mobilisere til forretnings- og utviklingsmulegheiter for bedrifter i Sogn og Fjordane innafor grøn industri og sirkulær produksjon basert på avfall som ressurs.
2. Etablere eitt eller fleire nettverk av utvalde bedrifter, basert på sirkulær produksjon og kommersiell gjenvinning av ressursar i utvalde avfallsstraumar.

Det er vidare sett opp følgjande langsiktige mål.

1. Velfungerande møteplass(ar) for bedrifter, kommunar, politiske miljø og institusjonar til samla og målretta innovasjon og handling for sirkulær produksjon.
2. Identifisere og mobilisere til nye prosjekt i bedrifter og samarbeid mellom bedrifter og FoU-miljø.
3. Auka samhandling mellom relevante bedrifter og organisasjonar.
4. Mobilisere FoU-institusjonar til målretta satsing på grøn industri og sirkulær økonomi.

Måla skal nåast gjennom følgjande aktivitetar.

- Mobilisering av bedrifter gjennom bedriftsbesøk.
- Organisere og invitere til temadag/seminar/workshop innafor ulike avfallsfraksjonar.
- Organisere felles deltaking på relevante konferansar.
- Organisere studieturar.

Organisering

Forprosjektet er tenkt organisert som følgjer: Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane v/Jøril Hovland er leiar for forprosjektet (Hovland er også styreleiar i SIMAS IKS). SIMAS IKS v/Hallvard Thomassen, HNU v/Terje Søreide, Sogn Næring v/Per Odd Grefsnes, og eventuelt ein representant utnemnt av Sogn og Fjordane fylkeskommune utgjer arbeidsgruppa.

Arbeidet skal byggje vidare på erfaringar, samt forstudiar og forprosjekt i SIMAS sitt pågåande: "Strategiske program for ressursgjenvinning og avfall i regional nærings- og kunnskapsutvikling" (frå november 2013). Følgjande vert særleg trekt fram frå dette arbeidet.

- REE/farleg avfall. Forstudie med fokus på mulegheiter for gjenvinning av sjeldne jordmetall frå batteri, mobiltelefonar, pc, osv. Kartlegging av etablert og tilgjengeleg teknologi som base for ny drift i Høyanger.

- Energigjenvinning/bioenergi. Forstudie gjennomført, forprosjekt under utarbeiding. Utgangspunktet er SIMAS IKS si investering i ny teknologi for handsaming av restavfallet i Festingdalen.
- Våtorganisk avfall. To prosjekt på gang. 1) Utbetring av kompostprosessen for å få eit vesentleg betre sluttprodukt. 2) Forskingsprosjekt for utvikling av resept for vidareforedling av biosubstrat til bringebærproduksjon.

1.3 Kostnads- og finansieringsplan

Kostnadsplan

Tittel	Eigeninnsats	Kostnader	Sum
Prosjektleiing		30 000	30 000
Arbeidsmøte	50 000		50 000
Prosjektarbeid	30 000	200 000	230 000
Reiser	100 000	30 000	130 000
Arrangement	100 000	20 000	120 000
Sum	280 000	280 000	560 000

Finansieringsplan

Tittel	Kroner	Prosent
Eigeninnsats	280 000	50
Tilskot fylkeskommunen	280 000	50
Sum	560 000	100

1.4 Vurdering

Søknaden viser til tidlegare arbeid sidan 2013, og tre prosjekt blir særleg trekte fram. Ut frå omtalen er det naturleg å forstå at ein ikkje har kome særleg langt når det gjeld konkret prosjektutvikling på desse områda. At ein her vel å gå «via eit generelt forprosjekt» underbyggjer dette. Vidare hadde det vore ønskjeleg å sjå ei breiare forankring av forprosjektet (både geografisk og elles). Dette dannar bakteppe for vidare signal i dette kapitlet. Temaet er interessant. Dette er område det er aktuelt for fylkeskommunen å søkje meir kunnskap om. Nokre av aktivitetane kunne ha vore aktuelle å køyre i eigen regi (jf til dømes handlingsprogram for klima og miljø). No har det kome eit eksternt initiativ, og det kan vere rasjonelt å la dette vere ein motor for dei samanfallede interesseområda. At forprosjektet er relativt smalt forankra er her eit ankepunkt. Gitt positivt vedtak er det i alle fall viktig at fylkeskommunen får høve til å ta ein aktiv plass i arbeidet. Invitten til å stille med deltakar i arbeidsgruppa bør difor kvitterast ut.

Foredling og resirkulering av avfall står heilt sentralt i forprosjektet. Den skisserte arbeidsgruppa (i alle fall utover fylkeskommunen) er avgrensa til Sogn. Det er viktig at forprosjektet vert fylkesdekkande og at det til samlingane vert invitert breitt både i forhold til region, sektor og bransje. Mellom anna har erfaringar frå hydrogenprosjektet synt at interesse og engasjement kan finnast i mange miljø utover dei ein i første rekkje tenkjer på som opplagde kandidatar. Her bør det dragast koplingar mot industristrategien og det som der gjeld møteplassar. Det bør vere eit mål for forprosjektet å ende opp i konkrete bedriftsprosjekt, slik at verkemidla til Innovasjon Norge vert naturlege i vidare arbeid. Det vert søkt om 280 000 kroner. Ut frå ankepunktene er det

grunn til å stille spørsmål om ein med fordel kunne tenkje seg ein stegvis prosess, der ein startar ut med ein lågare sum, men heller supplerer om ein ser at «forventningsgapet» vert tetta.

Forprosjektet omhandlar eit aktuelt tema. Det vil vere interessant å hente meir kunnskap om dette, fortrinnsvis med mål om å få til næringsutvikling innan feltet.

Av søknadsbeløpet vert 200 000 kroner dekkja av avdelinga for næring og kultur, og dei resterande 80 000 kronene vert dekkja av plan- og samfunnsavdelinga med klima-midlar.

1.5 Tiltråding

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere følgjande vedtak:

Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane vert støtta med 200 000 kroner til forprosjektet «Grønt skifte-grøn vekst basert på avfall som ressurs» i 2016. Tilskotet vert dekkja med disponible driftsmidlar frå budsjett 2015.

Vedlegg:

NR 1. Søknad om støtte til forprosjekt-Grøn vekst basert på avfall som ressurs

NR 2. Generell presentasjon korrigert

2. SØKNAD OM DRIFTSSTØTTE FRÅ VESTNORSK FILMKOMMISSJON

(Sakshandsamar: Atle Reidar Sandnes)

2.1 Bakgrunn

Vestnorsk Filmsenter (VF) søker om kr. 300 000 til å finansiere drifta av Vestnorsk Filmkommisjon (WNFC) i 2016.

Historikk og tidlegare vedtak

Sogn og Fjordane fylkeskommune støtta i perioden 2009-2011 VF og WNFC med kr. 300 000. Det vart inngått ei ny utviklingsavtale for perioden 2012-2014 der VF, WNFC og FUZZ fekk driftsstøtte på kr. 800 000 (kr. 300 000 av desse frå kulturavdelinga til VF). Formålet med å gje støtta var at desse aktørane skulle arbeide for at Sogn og Fjordane og resten av vestlandet skulle bli ei større eining (nasjonalt) innan film, og at ein skulle få ein positiv effekt på næringsutvikling som til dømes auka tilstrøyming av turistar.

Selskapa

Formålet til selskapa er at dei skal forvalte tilskot til kortfilm, dokumentarfilm, fremje filmproduksjon, og medverke til fagleg og kunstnarisk utvikling av filmproduksjon på vestlandet. WNFC skal vere ein dørøpnar og drive marknadsføring av vestlandet som innspelingsstad. FUZZ er eit regionalt filmfond som driv toppfinansiering av filmar og tv-seriar. Avtalen om driftsstøtte frå Sogn og Fjordane fylkeskommune gikk ut i 2014 og på grunn av dei økonomiske utfordringane som Sogn og Fjordane fylkeskommune står framføre såg ein ikkje å kunne gå inn på ein ny lengre avtale. Ein såg likevel det som ønskjeleg og viktig at arbeidet til desse aktørane heldt fram og ein gjorde vedtak (hovudutval for plan og næring, 25.11.2014) om å gje ei samla støtte på kr. 300 000 i 2015.

2.2 Nærare omtale

Vestnorsk filmkommisjon skal marknadsføre og tilrettelegge for at filminnspelningar blir lagt til Sogn og Fjordane. Sogn og Fjordane har frå naturens side lokasjonar i verdsklasse. Dette kan det skapast verdiar av. Regjeringa satsar no 45 millionar kroner i insentivordningar som skal styrke dei regionale filmkommisjonane.

Vestnorsk filmkommisjon kan vise til gode resultat av arbeidet sitt, seier dei i søknaden. Frå 2009 har 23 kino og tv-filmar og ei rekkje dokumentarar blitt spelt inn i Sogn og Fjordane. Stab og skodespelarar har stått for over 8000 gjestedøgn. Potensialet for 2016 er større grunna arbeidet som er gjort tidlegare. Film er eit satsingsområde politisk og regjeringa har forslag (statsbudsjett 2016) om å innføre ei refusjonsordning (insentivordning) på 25% av kostnadane som utanlandske produsentar har i Norge. Kulturdepartementet har gitt dei regionale filmkommisjonane ansvar for å representere insentivordninga over for internasjonale filmselskap, og hjelpe desse i berekninga på kva for økonomisk verknad insentivordninga vil ha ved innspelning i Norge.

Prosjekt mål

Auke talet filminnspelningar i Sogn og Fjordane og bidra til at fylket får utbytte av den statlege insentivordninga for filmproduksjon. Bidra til auka verdiskaping og auke i tal arbeidsplassar først

innan film, men også innan tenesteytande næring. Filmkommisjonen skal skape omsetning for både tenesteleverandører, besøksnæring og filmbransje, og skal gi reiselivet gode verkemiddel til å marknadsføre regionen.

Forankring

Filmkommisjonens verksemd er forankra i Vestlandsrådets filmmelding *Eventyrland*, og i regjeringas filmmelding (*Melding St. 30 (2014-2015)*). Vestlandsrådet anbefalte i 2014 ei styrking av Vestnorsk filmkommisjon, gitt etablering av ei nasjonal insentivordning. Møre og Romsdal gir filmkommisjonen ei fast driftsstøtte, mens Hordaland gir tilsegn over næringsprogrammet.

2.3 Kostnads- og finansieringsplan

Kostnadsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Befaringssturar		350 000				350 000
Driftskostnader		110 000				110 000
Marknadsføring og materiell		200 000				200 000
Personalkostnader		620 000				620 000
Reisekostnader		180 000				180 000
Sum		1 460 000				1 460 000

Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Hordaland		800 000				800 000
Møre og Romsdal		360 000				360 000
Sogn og Fjordane		300 000				300 000
Sum		1 460 000				1 460 000

2.4 Vurdering

Vestlandsrådet vedtok i 2012 ei målsetting om å få utgreidd ein regional filmstrategi for Vestlandet. Det vart utarbeidd ei melding (*Eventyrland*) om stoda for filmnæringa på Vestlandet, sett i samanheng med nasjonal filmpolitikk. Målsettinga med arbeidet har vore å danne grunnlaget for ein meir målretta og samla filmpolitikk for å styrke utviklinga av filmmiljøet i heile regionen. Filmmeldinga *Eventyrland* var oppe i fylkesutvalet 26.03.2015 (26/15), og fylkesutvalet slutta seg til vurderingane og konklusjonane frå denne meldinga:

- Få kanalisert ein større del av dei nasjonale midlane gjennom det regionale støtteapparatet. Fylkesutvalet meiner at ein bør arbeide for å bygge opp eit alternativt filmmiljø utanfor austlandsområdet og at ein nasjonal filmkommisjonen bør leggjast til vestlandet.
- Ein oppfordra nasjonale styresmakter til å innføre ei insentivordning for å auke talet filmar som blir spelt inn i Norge.

Ei insentivordning er ein del av framlegget til statsbudsjettet for 2016, og eit av måla er at dei regionale filmkommisjonane får ein aktiv rolle for å tiltrekke seg både nasjonale og internasjonale filmproduksjonar.

Fylkesdirektøren meiner også at WNFC og Vestnorsk Filmsenter kan vise til gode resultat av det arbeidet som hittil er gjort for å auka tal filminnspelningar til Sogn og Fjordane.

2.5 Tilråding

Fylkesdirektør for næring tilrår at hovudutval for næring og kultur støttar Vestnorsk filmkommisjon med 300 000 kroner i 2016. Midlane vert dekkja med disponible driftsmidlar frå budsjett 2015.

Vedlegg:

NR 3. Vestnorsk Filmkommisjon-søknad 2016

3. DELFINANSIERING AV BREIBANDSPROSJEKT

(Sakshandsamar: Endre Høgalmen)

3.1 Bakgrunn

Fylkeskommunen si næringsavdeling sette hausten 2013 i gong eit prosjekt for å styrke breiband-utbygginga. Det vart tilsett ein prosjektleiar i halv stilling, som m.a. har vore med å samordne kommunane sin breiband-innsats. Vi vil her finansiere denne innsatsen for 2016.

3.2 Nærare omtale

Gjennom breiband-prosjektet har fylkeskommunen mellom anna gjort følgjande:

- Styrka kommunane sin kompetanse innan breiband, m.a. gjennom kurs, rådgjeving og samlingar
- Vore rådgjevar for kommunane i breibandprosjekt, m.a. innan organisering, regelverk, prosjektering, utlysing og gjennomføring av sjølve utbygginga
- Saman med IT-forum breiband samordna søknadsinnsatsen inn mot statlege midlar til breiband

3.3 Vurdering

Fylkeskommunen sin innsats har vorte godt motteken i kommunane. Vi får tilbakemelding om at kommunane verdset både faglege råd og dei samlingane og kursa som vi tilbyr gjennom breibandprosjektet. Samarbeidet med IT-forum breiband er godt. Ikkje minst i samband med samordning av kommunane sine søknader på statlege midlar frå Nkom. Sogn og Fjordane har fått tildelt relativt mykje breiband-midlar frå Nkom dei to siste åra, og det er grunn til å tru at den samordna søknadsinnsatsen har medverka til dette.

Når det gjeld finansiering av innsatsen i 2016 treng vi 0,5 mill kr. Desse midlane skal dekke m.a. løn, reise- og møtekostnader. Vi legg til grunn at desse midlane kan dekkast av regionale utviklingsmidlar frå 2015, som er disponible.

3.4 Tilråding

Det vert løyvd 0,5 mill kr til dekning av breibandprosjektet i 2016. Midlane vert dekkast med disponible regionale utviklingsmidlar frå 2015, opphavleg avsett til nyskaping.

4. AVTALE MELLOM NOREGS FORSKINGSRÅD, INNOVASJON NOREG og SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE FOR 2016-2018

(Sakshandsamar: Lars Hustveit)

4.1 Bakgrunn

Noregs Forskingsråd, Innovasjon Norge og Sogn og Fjordane fylkeskommune har i to treårsperiodar samfinansiert ei stilling med føremål å sikre at Noregs Forskingsråd har representasjon i fylket. Den andre treårsperioden går ut 31.12 2015. Søknaden handlar om å forlenge samarbeidet for ein ny tre-årsperiode.

4.2 Nærare omtale

Fordelingsnøkkelen har så langt vore 1/3 på kvar av partane. Ny fordelingsnøkkel er at forskingsrådet betaler 50%, Innovasjon Norge 33% og Sogn og Fjordane fylkeskommune 17% av samla kostnad. For treårsperioden betyr dette eit samla tilskot frå fylkeskommunen på kr 600.000.

Arbeidsmengda vert fordelt mellom partane i samsvar med finansieringsnøkkelen. Arbeidsoppgåvene er i avtalen formulert slik:

Oppgåver for Noregs forskingsråd:

- *betre Forskingsrådet sin kundesørvis regionalt*
- *informere om satsingane og verkemidla i forskingsrådet*
- *mobilisere lokalt næringsliv, det offentlege, forskingsinstitutt og universitet/høgskular til å søkje programma til forskingsrådet og Horisont 2020*
- *medverke til sterkare samhandling mellom næringslivet, FoU-miljø, offentlege verksemd og virkemiddelaktørar*
- *delta i strategiske prosesser med formål å synleggjere den rolla forskinga har for regional utvikling*
- *vere strategisk og forskingsfagleg rådgjevar for Regionalt forskingsfond*
- *utvikle forskingsrådet sin kunnskap om regionale FoU-utfordringar*

Oppgåver for Sogn og Fjordane fylkeskommune:

- A *Søknader – oversikt og kvalitet*
- *skal gi råd til dei aktuelle aktørane i Sogn og Fjordane, om arbeidsmetodar og rutinar, for å styrke dei i kampen om midlar frå Forskingsrådet og andre relevante ordningar, og for å hjelpe dei til å nå sine mål effektivt ved hjelp av FoU. Prioritert målgruppe er definert i verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane*
 - *skal samarbeide tett og godt med Sogn og Fjordane sin representant i sekretariatet i RFF Vestlandet om tilsvarande oppgåver. Mellom anna skal dei halde fram samarbeidet om prosjektverkstader i samband med utlysingar frå RFF Vestlandet, og rådgjevinga til søknader som ikkje har fått støtte, og som vil søkja på nytt. TRL-skalaen vert då ein viktig samnemnar.*
 - *skal ha ansvar for ei oppdatert nettside med oversikt over kva prosjekt som har fått støtte frå dei ulike ordningane hjå forskingsrådet, med deltakarar frå Sogn og Fjordane.*

B *Delta i iverksettinga av industristrategien*

- *legge til rette dialogmøte som verkemiddel i det som så langt er kalla «bransjeuavhengige temabaserte møteplassar for auka innovasjon og verdiskaping»*
- *delta i arbeidet med å utvikle «teknologicampus» i Sogn og Fjordane*

Oppgåver for Innovasjon Norge

- *Entreprenørskap i / knoppskyting frå eksisterande industribedrifter*
- *Rådgjeving for kundeansvarlege i IN innan teknologiprojekt i bedriftene»*

4.3 Vurdering

Fylkesdirektøren vurderer samarbeidet som vellukka. Det er svært viktig at forskingsrådet har ein regional representant i fylket. Både offentleg og privat sektor må i større grad gjere seg nytte av dei nasjonale forskingsverkemidla. Ein føresetnad for å få dette til er at vi har kapasitet til å drive aktivt informasjons- og mobiliseringsarbeid. I tillegg er tett kontakt med forskingsrådet viktig for å utvikle god bruk av vårt eige regionale forskingsfond og for å vere godt oppdatert om iverksettinga av forskingsrådet sin regionale strategi.

Fylkeskommunen har etter forhandlingar, teke på seg delfinansiering av 17% av kostnadene mot 33,3% i dag. Dette er etter ei vurdering av arbeidsdelinga mellom fylkeskommunen og Innovasjon Norge.

4.4 Tilråding

Fylkesdirektøren rår til at fylkeskommunen finansierer kr 600.000 for heile treårsperioden 2016-2018. Finansiering vert henta frå budsjetterte midlar til satsinga kunnskap for 2015, tenestoområde 7018 kunnskap. Arbeidet vert formelt knytt til satsinga kunnskap i verdiskapingsplanen.

5. SØKNAD FRÅ ADALIA AS OM TILSKOT TIL PRODUKSJON AV TV-PROGRAM

(Sakshandsamar: Atle Reidar Sandnes)

5.1 Bakgrunn

Selskapet Adalia AS søker om kr.175 000 til å lage TV-program om gründerar i Sogn og Fjordane. Dette er del av ein serie TV-program som heiter *Mitt yrke* som blir produsert for NRK.

5.2 Nærare omtale

Serien har i år merksemd på gründerar, og freistar her å sette fokus på to gründer-miljø i Sogn og Fjordane.

Bakgrunn for serien er at det var eit behov for å informere ungdom om korleis det er å vere i ulike yrke, både teknolog-yrke og yrkesfag-yrke, og korleis det er å være gründer. Det er eit satsingsområde for regjeringa å få fleire til å starte selskap. Av den grunn er det viktig å rette merksemd på gründer-rollen.

Prosjekt mål

Målet er å inspirere til at fleire blir gründerar, og at dei blir med på næringsutvikling innanfor næringar som ikkje berre er oljerelaterte.

Forankring

Prosjektet er forankra hos NRK, www.ndla.no og www.utdanning.no.

5.3 Kostnads- og finansieringsplan

Kostnadsplan

Tittel	Tal	Pris per eining	Kostnad
Opptaksteam	6 økter à 10 timer	18 000	108 000
Redigering i digital redigeringssuite	8 økter à 10 timer	14 000	112 000
Grafisk arbeid	1 økt à 10 timer	10 000	10 000
Medverkande			20 000
Utforsking og manus			30 000
Regissør, forarbeid, storyboard og redigering	14 økter à 10 timer	3 000	42 000
Reise og opphald	4 personer, 8 døgn		32 000
Totalt			354 000

Finansieringsplan

Tittel	Kroner	Prosent
Senderett/egenandel Adalia	179 000	50 %
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2015	175 000	50 %
Sum	354 000	100 %

5.4 Vurdering

Dette tiltaket kan vere interessant ved at det kan vere eit bidrag til å få ein kultur for nyskaping. Sogn og Fjordane fylkeskommune har arbeidd med temaet lenge, og det er vidareført under plantema Nyskaping i verdiskapingsplanen. Fylkeskommunen har avtale med, og er med og finansierer organisasjonen Ungt Entreprenørskap gjennom budsjettet. Eit anna tiltak kring dette temaet er *Gründerprisen for ungdom* som blir utdelt årleg. Spørsmålet her er om det er rett å bruke ein så stor sum utviklingsmidlar til å finansiere eit TV- program om gründerbedrifter. Fylkesdirektøren vurderer det til vere svært usikkert om effekten står i stil med innsatsen og tilrår difor å avslå søknaden.

5.4 Tilråding

Adalia AS får avslag på søknad om tilskot til å lage TV-serie om gründerar i Sogn og Fjordane.

Vedlegg:

NR 4. Mitt Yrke-søknad 2015

6. SØKNAD OM ANLEGGSBIDRAG TIL BIOBRENSELANLEGG PÅ MO JORDBRUKSSKULE

(Sakshandsamar: Atle Reidar Sandnes)

6.1 Bakgrunn

Bygge- og eigedomstenesta i Sogn og Fjordane fylkeskommune søker om 150 000 kroner frå næringsavdelinga til ein auke i anleggsbidraget til eit planlagt biobrenselanlegg på Mo i Førde kommune. Tilskotet skal gå til å stimulere for den beste innovative løysinga.

6.2 Nærare omtale

Det er planlagt eit varmeanlegg som skal forsyne Mo jordbruksskule med deira behov for oppvarming. Anlegget skal ikkje eigast av fylkeskommunen, dei skal kunn kjøpe varmen. Varmeanlegget skal nytte biologisk materiale som brensel.

Innovasjonsprosjekt

Dette er tenkt skal vere eit innovasjonsprosjekt, der ein på sikt skal freiste å utløyse meir verdiar i bioressursar i fylket samanlikna med det eit tradisjonelt flisfyringsanlegg gjer. Bakgrunnen er rolla fylkeskommunen har med tanke på å utvikle næringane i fylket. Det er også eit bidrag til å nå måla i klima- og miljøplanen om ei energiomlegging.

Anleggsbidrag

Det er eit poeng at pengane er frå fylkeskommunen sine egne budsjett og blir ført som *anleggsbidrag varmesentral Mo* eller tilsvarande. Leverandørane her kan komme til å søke støtte frå Enova. Då kan dei ikkje få anna offentleg støtte, men eit anleggsbidrag frå kunden er greitt. Byggje - og eigedomstenesta skal sjølv stå for eit anleggsbidrag på opp til ein million kroner.

Atterhald

Det blir teke atterhald om at tilboda er innafør ei gitt ramme. Om ikkje tilboda er gode nok går ikkje Sogn og Fjordane fylkeskommune vidare med biovarme her, men installerer i staden varmpumpeanlegg. Eit varmpumpeanlegg vil også kunne gje ein god løysing, men samanlikna med eit forbrenningsanlegg vil dette krevja meir merksemd på radiatoranlegga i heile bygningsmassen for eit godt resultat.

6.3 Vurdering

Fylkesdirektøren meiner at dette må sjåast som ei eigenfinansiering (anleggsbidrag) frå Sogn og Fjordane fylkeskommune for å redusere eventuelle ekstrakostnadane ein får ved å velje innovative og klimavennlege løysingar. Innovasjon og industriutvikling med fokus på auka bruk av egne energiressursar er forankra som eit av måla i *Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane 2014-2025*. Det stettar også mål om meir bruk av fornybare kjelder for energibruk.

Fylkeskommunen har to viktige roller. Den eine er som eigar av store utbyggingsprosjekt, den andre er rolla som regional utviklar. På den eine sida skal vi forvalte pengane til skattebetalarane på ein mest mogleg effektiv måte, på den andre sida skal vi medverke til innovasjon og nyskaping med utradisjonelle løysingar. Dette anlegget er eit lite, men viktig steg.

6.4 Tilråding

Bygge- og eigedomstenesta vert støtta med 150 000 kroner i anleggsbidrag ved utbygging av varmeanlegg ved Mo jordbrukskule. Midlane vert dekkja med disponible driftsmidlar frå budsjett 2015.

7. SØKNAD OM TILSKOT TIL IT-FORUM 2015

(Sakshandsamar: Atle Reidar Sandnes)

7.1 Bakgrunn

IT-forum Sogn og Fjordane søkjer Sogn og Fjordane fylkeskommune om kr. 500 000 i tilskot for 2015. Dette tilskotet skal vere eit bidrag til spleiselaget innanfor IKT-arbeid. Tilskotet vil bidra til å sikre samordning og iverksetting av strategiane vedtekne av representantskapet i IT-forum og til sekretariatsarbeid for Nasjonalt Breibandråd.

7.2 Nærare omtale

IT-forum Sogn og Fjordane er eit breitt samarbeid og spleiselag som skal sikre at Sogn og Fjordane er i fremste rekkje i å utnytte IKT i næringsliv, offentleg sektor, opplæring og utdanning. IT-forum utfører eit omfattande arbeid med å initiere, samordne og sikre viktige utviklingsaktivitetar til nytte for heile fylket.

Organisering

IT-forum Sogn og Fjordane har vore aktivt sidan 1995 og har 20-årsjubileum i 2015. IT-forum har gjennom denne perioden hatt aukande tal deltakarar, og har gitt ei lang rekke konkrete og tydelege resultat som har profilert fylket som ein sentral aktør innanfor IKT-utvikling. Resultata har bidrege både til utvikling av nye arbeidsplassar, nye tenester, nye breie samarbeidsnettverk og ny breibandinfrastruktur i fylket.

Medlemmane av representantskapet etter årsmøtet i 2015:

- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (leiar)
- Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Sogn og Fjordane energilag
- Helse Førde
- Innovasjon Norge Sogn og Fjordane
- Sparebanken Sogn og Fjordane
- Lerum AS
- Sparebanken Vest
- NHO Sogn og Fjordane
- Sogndal fotball
- Lotteri- og stiftelsestilsynet
- Hydro Aluminium AS
- KS Sogn og Fjordane
- Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane
- Høgskulen i Sogn og Fjordane
- Vestlandsforsking

Med desse 16 hovudmedlemane frå ulike sektorar representerer IT-forum ei stor og viktig fylkes samordning av IT-satsingar. Ansvaret for å vere initiativtakar, samordnar og pådrivar for utviklingsaktivitetar er definert i mandatet:

IT-forum skal ta initiativ til, vere koordinator for og pådrivar for aktivitetar som fremjar rasjonell og utviklingsretta bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i næringsliv og offentleg sektor, og der gjennom for innbyggerane, i Sogn og Fjordane. Det skal særleg arbeidast for å styrke og utvikle samhandling og samordning mellom etatar, organisasjonar og bedrifter i Sogn og Fjordane.

Styret i IT-forum for 2015 er:

Gunnar O. Hæreid, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (leiar)

Paal Fosdal, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Gunn Aase Moldestad, Sparebanken Sogn og Fjordane

Terje Heggheim, KS Sogn og Fjordane

Arne Myrekrok, Serit - Fjordane IT AS

Marit Gjerstad, NHO Sogn og Fjordane

Erik Kyrkjebø, Høgskulen i Sogn og Fjordane

IT-forum har gjennom drøftingar og prioriteringar i styret og representantskapet vedteke strategiar for satsing knytt til ulike gruppene og nettverka. Planen blir revidert på kvart årsmøte og følgt opp av styret.

Satsingane framover

Hovudsatsingar:

- Leverandørnettverk
- Velferdsteknologi
- Breiband.

Andre satsingar:

- Teknisk drift og utvikling
- Oppvekst og utdanning
- Ny næringsretta IT-utdanning

7.3 Økonomi og finansiering

IT-forum utfører eit betydeleg arbeid med overvaking av status og behov for IKT-utvikling i fylket, med initiering og samordning av strategiar, handlingsplanar, oppfølging og støtte til arbeidsgrupper og nettverk og iverksetjing av felles utviklingsprosjekt. IT-forum har også eit betydeleg utadretta arbeid for å profilere fylket og med å arbeide for at finansiering og satsingar frå nasjonalt nivå kjem Sogn og Fjordane til gode. Breibandsatsinga er for tida eit særleg godt eksempel på dette. IT-forum har bygd aktivitetane rundt ein finansieringsmodell der kvar av medlemmane av representantskapet bidreg med kr 10.000 i kontingent pr. år. Deltakarane i

arbeidsgruppene og nettverka bidreg med 1.000 kr pr. pers. I tillegg har Sogn og Fjordane fylkeskommune bidrege med eit tilskot.

7.4 Vurdering

Fylkesdirektøren meiner at arbeidet til IT-forum er svært viktig og at ein kan vise til gode resultat i det arbeidet som er utført dei siste 20 åra. Det har vore ein viktig reiskap for å utmeisle og gjennomføre dei strategiane som partnerskapen har for utviklinga innan IKT i Sogn og Fjordane. Sogn og Fjordane fylkeskommune har i sitt budsjett for 2015 set av kr. 500 000 til IT-forum sitt arbeid.

7.5 Tilråding

Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar arbeidet til IT-forum Sogn og Fjordane med kr 500 000 i 2015. Tilskotet vert dekkja med avsette midlar i budsjett for 2015, tenesteområde 7011 kommunikasjonsteknologi.

Vedlegg:

NR 5. IT-Forum-søknad 2015

8. KOORDINERING AV KOMMUNANE SITT AKVAKULTURSAMARBEID

(Sakshandsamar: Frode Hovland)

8.1 Bakgrunn

Fylkeskommunane fekk i 2010 ansvar for delar av akvakulturforvaltninga i tildelingsfasen og har sidan den gong arbeidd målretta for å sikre lik handsaming og samordning på tvers av fylkesgrensene.

Næringa og forvaltninga er i endring, og det er naudsynt å vere endå meir effektiv og samordna. Det blei gjennomført ein workshop i Oslo i april 2015 for å identifisere område innanfor akvakulturforvaltninga i fylkeskommunane som kan utviklast vidare. Som eit resultat av dette vart det sett ned ei forprosjektgruppe og utforma eit mål om å få til ei endå betre og tydelegare akvakulturforvaltning.

Forprosjektgruppa føreslo å formalisere ei rekke tiltak som allereie er heilt eller delvis på plass i fylkeskommunane. I tillegg vart det føreslått at fylkeskommunane går saman om å finansiere eit prosjekt, *Koordinering og samordning av FAKS –Fylkeskommunenenes Akvakultursamarbeid*, der ein tilset ein prosjektleiar som får ansvar for å styrkje og utvikle samordninga mellom fylkeskommunane vidare.

8.2 Nærare omtale

I Stortingsmelding nr. 16 (2014-2015) vert det drøfta korleis Noreg kan auke verdiskapinga basert på forutsigbar, bærekraftig vekst og betre miljøtilpassing i akvakulturnæringa. Styresmaktene si forvaltning av næringa skal sikre miljøet på ein slik måte at det vert lagt grunnlag for langsiktig næringsutvikling. Stortingsmelding 16 seier blant anna at «Forvaltningen må tilpasses næringen for ikke å virke hemmende på næringsutviklingen.». Vidare står det at ein «så langt som mulig bør standardisere vurderingene og vedtakene for å skape mest mulig likebehandling av saker.»

Med dette felles prosjektet ynskjer fylkeskommunane å utvikle, styrke og effektivisere fylkeskommunane sitt akvakulturfagmiljø ved å legge til rette for kompetanseutveksling, samordning og lik handsaming på tvers av fylkesgrensene. Dette er i samsvar med det som står i Stortingsmelding nr.16.

8.3 Kostnads- og finansieringsplan

Alle fylkeskommunane som deltar i prosjektet løyver kr 120 000 kroner. Utbetaling er 100% 01.02.2016, eller fordelt over to år med utbetaling på 60 000 kroner 01.02.2016 og 60 000 kroner 01.02.2017.

Kostnadsplan for perioden 1.1.2016-31.12.2017

Tittel	Sum
Leige av kontorplass, alt inkludert	40 000
Rekvisita (pc, trykking, kontorutstyr)	40 000
Reise, kurs, konferansar, møter	74 000
Diverse	30 000
Oppstart og drift av akvakulturforvaltning.no	60 000
Lønn og sosiale kostnader	824 000
Sum	1 080 000

Finansieringsplan

Tittel	Sum
Finnmark fylkeskommune	120 000
Troms fylkeskommune	120 000
Nordland fylkeskommune	120 000
Nord-Trøndelag fylkeskommune	120 000
Sør-Trøndelag fylkeskommune	120 000
Møre- og Romsdal fylkeskommune	120 000
Sogn- og Fjordane fylkeskommune	120 000
Hordaland fylkeskommune	120 000
Rogaland fylkeskommune	120 000
Sum	1 080 000

8.4 Vurdering

Det vil bli tilsett prosjektleiar i 50 % stilling. Arbeidsoppgåvene vil kunne variere, men alle oppgåver skal ha som mål å utvikle og styrke fylkeskommunane sitt akvakulturfagmiljø. Som hovudoppgåver skal prosjektleiar opprette og vedlikehalde kunnskapsbasen akvakulturforvaltning.no og koordinere andre digitale og fysiske forum som akvakulturfagmiljøet har etablert eller ynskjer at skal bli etablert.

Fylkeskommunen finn det viktig å delta i dette prosjektet. Dette mellom anna for å sikre auka verdiskaping på kysten og sikre berekraft innanfor akvakulturnæringa i Sogn og Fjordane.

Prosjektet er viktig for å utvikle, styrke og effektivisere fylkeskommunane sitt akvakulturfagmiljø. Prosjektet legg vekt på kompetanseutveksling, samordning og lik handsaming på tvers av fylkesgrensene, noko som er i samsvar med Stortingsmelding nr 16.

8.5 Tilråding

Sogn og Fjordane fylkeskommune ved hovudutval for kultur og næring set av 120 000 kroner fordelt med 60 000 kroner for 2016 og 60 000 kroner for 2017 til ei prosjektstilling innafør akvakulturforvaltning. Prosjektet skal utvikle, styrke og effektivisere fylkeskommunane sitt akvakulturfagmiljø ved å legge til rette for kompetanseutveksling, samordning og lik handsaming på tvers av fylkesgrensene. Tilskotet vert finansiert med disponible driftsmidlar frå budsjett 2015.

Vedlegg:

NR 6. Prosjektbeskrivelse Koordinering av FAKS

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutvalet for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

10. Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane vert støtta med 200 000 kroner til forprosjektet «Grønt skifte-grøn vekst basert på avfall som ressurs» i 2016.
11. Vestnorsk Filmkommissjon vert støtta med 300 000 kroner i driftsstøtte i 2016.
12. Næringsavdelinga vert støtta med 500 000 kroner til dekning av breibandprosjektet i 2016.
13. Næringsavdelinga vert støtta med 600 000 kroner til ei stilling som sikrar Noregs Forskingsråd sin representasjon i fylket for ein treårsperiode frå 2016-2018.
14. Adalia AS får avslag på søknad om tilskot til å lage TV-serie om gründerar i Sogn og Fjordane.
15. Bygge- og eigedomstenesta vert støtta med 150 000 kroner i anleggsbidrag ved utbygging av varmelegg ved Mo jordbrukskule.
16. IT-forum Sogn og Fjordane vert støtta med 500 000 kroner i driftsstøtte for 2015.
17. Fylkeskommunane sitt akvakultursamarbeid vert støtta med 120 000 kroner fordelt med 60 000 kroner for 2016 og 60 000 kroner for 2017 til ei prosjektstilling innafør akvakulturforvaltning.
18. Tilskota vert finansiert slik:
 5. Tilskotet til Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane, Vestnorsk Filmkommissjon, bygge- og eigedomstenesta og fylkeskommunane sitt akvakultursamarbeid vert dekkja med disponible driftsmidlar frå budsjett 2015.
 6. Midlane til breibandprosjektet vert dekkja med disponible regionale utviklingsmidlar frå budsjett 2015, opphavleg avsett til nyskaping.
 7. Finansiering av stillinga til Noregs Forskingsråd vert henta frå budsjetterte midlar til satsinga kunnskap for 2015, tenesteområde 7018 kunnskap.
 8. Tilskotet til IT-Forum vert dekkja med avsette midlar i budsjett for 2015, tenesteområde 7011 Kommunikasjonsteknologi.